



Arkivnr: 2015/3058-4
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Styrings og administrasjonsutgifter RFF Vestlandet 2015

Samandrag

I brev frå Kunnskapsdepartementet til Hordaland fylkeskommune datert 30 januar 2015 er Regionalt forskingsfond Vestlandet tildelt kr 31.965.000 over Statsbudsjettet for 2015. Dette er ei auke med kr. 1.213.000 frå budsjettet for 2014.

Kr. 30.752.000 har vore fast utbetaling alle dei første 5 åra som ordninga med Regionale forskingsfond har eksistert. Endringa i 2015 skuldast avvikling av ordninga med fastsatt rente frå fondsavsettinga på 6 milliardar kroner som vart gjort i 2009. Finansieringa av Regionale forskingsfond er frå 2015 ei meir ordinær postering over statsbudsjettet. Endringa opna for ei auke i løyving til forskingsfonda. I statsbudsjettet for 2015 kjem det fram at departementet med dette mellom anna ønskte å kompensere noko for løns- og prisvekst sidan oppstart av ordninga i 2010. Regionalt forskingsfond Vestlandet sin del av auken i løyvinga følger den fastsette fordelingsnøkkel.

Ut over den tildelte sum skal Regionalt forskingsfond Vestlandet forvalte dei midlar som tilkjem prosjekt i vår region etter utlysing av den sum Kunnskapsdepartementet har avsett til samarbeidsprosjekt (15 % potten). Omfanget av dette vert først klart medio juni 2015. Både ordinær tildeling og ekstra midlar frå 15 % potten skal nyttast som grunnlag for berekning av administrasjonskostnader. Med forventa tilskot av ekstra midlar på 4 millionar kroner, er det lagt opp til kr. 35.965.000 som grunnlag for berekning av administrasjonskostnader i 2015.

Kunnskapsdepartementet har i tilskotsbrevet og i retningslinene for ordninga fastsett at «om lag 7 %» av overførte midlar kan nyttast til administrasjon av fondet.

I tilsvarende sak for 2014 var det lagt opp til nytte inntil 2.880.000,- til administrasjon av fondet. Rekneskaperen for 2014 er no klar, og syner at dei faktiske utgiftene til styrings- og administrasjonskostnader vart kr. 2.804.889,-.

Arbeidet med å administrere Regionalt forskingsfond Vestlandet er prega av betydeleg prosjektportefølje og eit årshjul med mange milepelar. Det vert på denne bakgrunn lagt opp til i å nytte til saman kr. 2.855.000,- til styrings- og administrasjonskostnader i 2015. Gitt ei forventa utteljing til prosjekt på Vestlandet finansiert av 15 % potten, vil dette utgjere 7,9 % av samla overføring frå Kunnskapsdepartementet i 2015. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er deltakarfylka i Regionalt forskingsfond Vestlandet. Hordaland fylkeskommune er vertsfylkeskommune og står formelt ansvarleg for ordninga ovanfor Kunnskapsdepartementet.

I retningslinjer for Regionale forskingsfond slår Kunnskapsdepartementet fast at "Vertsfylkeskommunen skal sørge for at fondsstyret har et velfungerende sekretariat som kan ha det daglige administrative ansvaret for driften av fondet, forberede og tilrettelegge fondsstyrets arbeid og iverksette dets vedtak".

Ein samarbeidsavtale regulerer fordeling av ansvar og ressursar mellom dei tre fylkeskommunane som deltek i fondsarbeidet. Samarbeidsavtalen vart desember 2014 fornya for 5 år gjennom vedtak i dei tre fylkesutvala. – (ref FUV sak 293-2014, i møte 4 desember 2014). I samband med ny avtale er fordelinga av stillingar noko endra, slik at Hordaland får auka sitt budsjett frå 1 til 1 ½ stilling. Dette med sikte på å styrke økonomiforvaltninga av den store prosjektporteføljen i fondet. Hordaland fylkeskommune vil tilsette ein 50 % stilling som rådgivar økonomi våren 2015.

Styrings- og administrasjonskostnader for Regionalt forskingsfond Vestlandet er regulert av Kunnskapsdepartementet sine rammer og avtalen mellom dei tre fylkeskommunane. Innan desse rammene har det sidan oppstart av ordninga vore ei administrativ avgjerd i Hordaland fylkeskommune å fastsette eit meir detaljert styrings- og administrasjonsbudsjett. I samband med utarbeiding av budsjettet er det ført samtale med dei andre to fylkeskommunane. Styret for fondet vart vidare orientert i møte 26. februar, med høve til å uttale seg. Fylkesutvalet i Hordaland får saka seg framlagt som melding. Saka greier ut fordelinga av midlar til dei ulike kostnadskategoriene for arbeidet.

Vedtak

1. Styrings- og administrasjonsoppgåvene knytt til Regionalt forskingsfond skal i 2015 løysast innan ei ramme av inntil 7,9 % av samla forventta overføring frå Kunnskapsdepartementet og utgjør kr. 2.855.000. Sekretariatet skal også i 2015 verte organisert som ein delvis desentralisert modell der Hordaland fylkeskommune har sekretariatsleiaransvar og utfører oppgåva i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune
2. For 2014 vert det lagt opp til slik kostnadsfordeling av administrasjonsressursane i Regionalt forskingsfond Vestlandet:

Sekretariatet - stillingsressursar	kr.	2.000.000
Sogn og Fjordane kr. 600.000 – 0,75 stillingsressurs		
Rogaland kr. 200.000 - 0,25 stillingsressurs		
Hordaland kr. 1 200.000 - 1,5 stillingsressurs		
Drift av sekretariatet – mobilisering - kjøp av tenester	kr.	575.000
Styret – utgifter til møter, reise & honorar	kr.	280.000
SUM	kr.	2.855.000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.03.2015

Saka gjeld kostnader til administrasjon for Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2015.

Nærare om ansvaret som vertsfylke for Regionalt forskingsfond Vestlandet

Kunnskapsdepartementet har gitt retningslinjer som gir ei rekkje føringar for gjennomføringa av ordninga med regionale forskingsfond. I omtalen av rolla som vertsfylke gjeld mellom anna følgjande:

- Vertsfylkeskommunen skal ha det administrative og juridiske ansvaret for det regionale forskingsfondet.
- Vertsfylkeskommunen er mottakar av fondsmidlane frå Kunnskapsdepartementet og skal utbetale midlar i samsvar med fondsstyret sine vedtak.
- Vertsfylkeskommunen er ansvarlig for en tilfredsstillende forvaltning av fondsmidlane og for å utarbeide et årlig regnskap for bruken av desse.
- Vertsfylkeskommunen skal sørge for at fondsstyret har et velfungerende sekretariat som kan ha det daglege administrative ansvaret for drifta av fondet, førebu og legge til rette for fondsstyret sitt arbeid og setje i verk styret sine vedtak.

Samarbeidsavtalen mellom deltakarfylka

Hordaland fylkeskommune har gjennom fornya avtale med Sogn og Fjordane og med Rogaland fylkeskommune teke på seg å vere vertsfylkeskommune for Regionalt forskingsfond Vestlandet – (ref FUV sak 293-2014, i møte 4 desember 2014).

Samarbeidsavtalen slår fast at alle dei tre fylka skal ha tilført administrative ressursar for å sikre ei god utvikling av fondsarbeidet. Det er lagt opp til at Sogn og Fjordane skal få tilført midlar tilsvarande 0,75 % stilling, Rogaland 0,25 % stilling og Hordaland 150 % stilling. I tillegg skal det setjast av midlar til styrehonorar, reisekostnader og andre driftsutgifter i samband med sekretariatet. Desse ordningane er vidareført i 2015, og vert nærare omtala under.

Fordeling av midlar frå forskingsfondet til styring og administrasjon i 2015

Det er lagt opp til å nytte kr. 2 855 000,- til administrasjon i 2015. Hordaland fylkeskommune medverar i tillegg med til saman 1 stilling frå eige budsjett.

Administrasjonskostnader

I fordeling av midlar er det for 2015 lagt opp til ein refusjonskostnad per stilling på kr. 800.000. Dette skal dekke alle kostnader til løn og sosiale utgifter (overhead).

Andre større utgifter til sekretariatet gjeld reise. Fondssekretariatet deltek på hyppige møte både med Forskringsrådet og dei andre fondssekretariata. Det er også noko reiseverksemd internt på Vestlandet. Nytt i 2015 er eit planlagt møte med ein annan europisk region for å følgje opp Kunnskapsdepartementet si forventning i tilsegnsbrevet om mobilisering til Horisont 2020.

Vidare er det sett av midlar til oppfølging av den vedtekne informasjonsstrategien og til panelvurdering av forprosjektsøknader/regional kvalifiseringstøtte. Slike panel er sett saman av eksterne fagekspertar frå regionen, og deira arbeid er å gi faglege vurderingar av prosjektsøknader. Denne utgiftsposten er noko redusert frå 2014 til 2015. Dette delvis grunna noko lågare tal søknader om regional kvalifiseringsstøtte og det forhold at fleire av ekspertane gjer jobben for fondet som del av sitt ordinære arbeid utan ekstra kostnad. Fleire hevdar at dette vurderingsarbeidet er fagleg utviklande for dei.

Det er også lagt opp til ei eiga satsing på mobilisering av søkjarar. Aktuelle målgrupper er søkjarar innanfor offentlege ansvarsområde eller innan arbeidet med mobilisering til Horisont 2020, men oppfølging av andre område er aktuelt.

Det vert på denne bakgrunn lagt opp til følgjande fordeling av ressursane til administrasjon av fondet:

Stillingar

0,75 stillingsressurs i Sogn og Fjordane	kr. 600.000
0, 25stillingsressurs i Rogaland	kr. 200.000
1 stillingsressurs sekretariatsleiar (50 %) & rådgivar (50 %) Hordaland	kr. 800.000
0,5 stillingsressurs rådgivar økonomi, Hordaland	kr. 400 000
Sum stillingar:	kr.2.000.000

Sekretariat utgifter

Drift- og møteorganisering	kr. 15.000
Reiseutgifter (12 x 3500 x 4)	kr. 200.000
Kjøp av tenester informasjon	kr. 100.000
Mobiliseringstiltak/oppfølging søkerar	kr. 200 000
Fagpanel – kjøp av tenester	kr. 60.000
Sum sekretariatet utgifter	kr. 575.000

Kostnader i samband med styret sitt arbeid

Kostnader i samband med styret sitt arbeid handlar om gjennomføring av møte. For 2014 er det budsjettert med 4 møte. Utgiftskategoriene er reise, leige av møtelokale/mat og refusjon/honorar til medlemene. I tillegg er det ønskeleg at styremedlemer deltek på årskonferansen for regionale forskingsfond, som i 2015 skal vere i Oslo.

Eit enklare system for refusjon av utgifter og for utbetaling av honorar

Eit enklare system for refusjon av utgifter og for møtegodtgjersle vart innført frå 2012. Denne ordninga vert vidareført i 2015.

Det vert lagt opp til ei utbetaling av kr. 2.750,- for kvar gong eit styremedlem eller eit varamedlem deltek på styremøte. Summen knyter seg til ordninga for møtegodtgjersle og refusjon av utgifter som gjeld for politiske utval i Hordaland fylkeskommune (sjå utdrag under). Beløpet skal både dekke utgifter, kompensere for tap av inntekt og samstundes utgjere møtegodtgjersla for styrearbeidet.

Unnateke for ordninga er kjøp av reisebillettar og eventuell overnatting i samband med møta, som styremedlemene vil få høve til å bestille direkte gjennom Hordaland fylkeskommune sin reiseoperatør. Utgiftene vert sidan fakturert Regionalt forskingsfond Vestlandet etter gjeldande avtalar med reiseoperatøren. Andre utgifter, som parkering, bompengar med meir vert føresett dekkja av den faste utbetalinga per møte. For dei styremedlemene som har vesentlege reiseutgifter som ikkje kan bestillast på førehand vil det etter avtale framleis vere opning for å nytte reiserekning. Det er likevel ein klår målsetnad å redusere bruk av reiserekning mest mogeleg.

Unnateke for ordninga er også tapt arbeidsinntekt når dette utgjer eit beløp høgare enn kr 2.750,- for kvart møte. I dei tilfelle der dette er aktuelt vil ein kunne få dekkja ytterlegare kr. 1.350,- slik at samla utbetaling for kvart møte vert inntil kr. 4.000,-

Slikt krav om ytterlegare kompensasjon for tapt arbeidsinntekt må verte dokumentert slik dette er nedfelt i dei retningsliner som gjeld for refusjon av utlegg/tap av arbeidsinntekt i Hordaland fylkeskommune sitt reglement for politiske utval:

- Erstatning for tapt arbeidsinntekt vert dekkja med inntil kr. 2.973,- + sosiale utgifter (feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjon) pr. dag når det vert dokumentert med trekk i løn. *Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.*
- Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap i inntekt med inntil kr 3.567,- når tapet er *dokumentert med oppgåve frå arbeidsgjevar/firma.* Utan dokumentasjon for tapt inntekt får denne gruppa erstatta kr 1.189,- pr dag.

Det vert lagt opp til ei årleg samla utbetaling av godtgjersle og eventuelle andre krav til refusjon av tapt arbeidsinntekt.

Budsjettet for styreutgifter er auka med kr. 30 000,- frå 2014 til 2015 for å kompensere for noko forventa auka utgifter. Budsjettet har slikt oppsett:

Budsjett i samband med styret sitt arbeid

Reiseutgifter	kr. 80.000
Møtegodtgjersle	kr. 130.000
Diverse utgifter styret	kr. 60.000
Sum utgifter i samband med styrearbeidet	kr. 280.000